

## Referat frå 6. møte i delprosjekt P2 – Politisk organisering, lokaldemokrati og innbyggjarmedverknad

**Dato:** 3.11.2017  
**Tid:** 13:00 til 15:30  
**Møteleiar:** Kari Grindvik  
**Stad:** Ørskog Rådhus  
**Frammøtte:** Irene Kalstad Aase, Nils Magne Abelsest, Frode Andresen, Åse Kristin Bakke, Helene Børretzen Fjørtoft, Kari Grindvik, Modolf Hareide, Svein Harsjøen, Elin Moen, Trine Otterlei, Geir Skodje, Mads Solberg, Geir Stenseth, Synnøve Synnes, Øystein Tvedt,  
**Forfall:** Anny Sønnerland, Bente Glomset Vikhagen.

### 1) Godkjenning av sakslista og innkalling.

### 2) Oppsummering av drøftinga i fellesnemnd 26.10.17

Grindvik kommenterte arbeidsøkta i fellesnemnda, og tok ei runde med innspel frå delprosjektmedlemmane.

Følgjande overordna prinsipp bør ligge til grunn for ny politisk hovudorganisasjon:

- Gjennomgåande representasjon
- Tidleg involvering av politikarar (uansett modell), spesielt i planarbeid
- Sikre engasjerte politikarar (ikkje sandpåstrørarar)
- Stor fleksibilitet
- Fleire møter på dagtid
- Modellen må ha rom fritidspolitkarar
- Struktur som sikrar likevekt mellom politikk og administrasjon
- Kommunestyret skal sjølv fatte avgjerd i dei viktige prinsipielle sakene
- Politisk interessant må balansere mot effektiv saksgang – grad av delegering vert viktig
- Legitimitet – det som er kjent, er trygt; vil det og gi større legitimitet?

### 3) Utarbeiding av grunnlag for innstilling på politisk hovudorganisasjon til fellesnemnda.

Sjå vedlagt skisse av forslag til utvalsstruktur, og detaljar omkring utvalsstruktur.

Målet i arbeidet vidare fram mot saksframlegg 7.12 (må være klart ei veke før), må bli å belyse dei spørsmåla som fellesnemnda *bør* ta stilling til når vedtak om politisk hovudstruktur skal fattast. Desse kan vi synleggjere i tekst (og i modellutkast), slik at ein eventuelt kan ta ein diskusjon frå talarstolen i fellesnemnda. Her må me tenke på ordlyden vi veljar.

#### **4) Orientering om prosjektstyringsverktøy, val av ny nestleiar i delprosjektet**

Solberg gav ein kort introduksjon til prosjektstyringsverktøyet Prosjektportalen. Dette gir prosjektleiinga ei porteføljeoversikt og tilgang til ei rekkje rapporteringsfunksjonar. For dei politisk leia delprosjekta er dette mest aktuelt som eit dokumentarkiv, sjølv om mange av funksjonane kan være nyttige ved behov.

Alle medlemmar i delprosjektet skal ha fått ein lenkje frå Jan Arve Valderhaug me påloggingsinformasjon. Dei som ikkje får tilgang eller ikkje finn eposten, må ta kontakt med prosjektgruppa for å få tilgang.

Øystein Tvedt (H) blei konstituert som nestleiar i delprosjektet.

Mads Solberg – Ålesund 17.11.2017